

Internasjonal strategi for Møre og Romsdal fylkeskommune 2017-2020

1. Innleiing

Strategien er eit styringsdokument for at internasjonalt arbeid skal bidra til å oppnå måla i fylkesplanen for 2017-2020 og regionale planar og strategiar.

Med internasjonalt arbeid meiner vi arbeid på tvers av landegrensar for å skape meirverdi ved å saman kome fram til betre løysingar på felles utfordringar. Gjennom samarbeid og erfaringsutveksling kan vi hente ny kunnskap og utvikle nye og innovative løysingar.

Strategien erstattar internasjonalisering som gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen 2013-2016 og fylkestingets vedtak T-77/12 om prioriteringar i det internasjonale arbeidet 2013-2016.

Strategien peikar ut prioriterte satsingsområde for det internasjonale arbeidet. Operasjonalisering av strategien skjer gjennom tiltak i årlege handlingsprogram under fylkesplanen, og rapportering vil også bli knytt til handlingsprogramma.

I vedlegga til strategien ligg nærare informasjon om organisering av arbeidet med strategien, om det internasjonale arbeidet i fylkesplanperioden 2013-2016 og om viktige strategiske verktøy i det internasjonale arbeidet.

Internasjonal strategi vs rammeverk fylkesplan



2. Hovudmål for internasjonalt arbeid

Internasjonalt arbeid skal bidra til å oppnå måla i fylkesplanen.

3. Viktige verktøy i det internasjonale arbeidet

Fylkeskommunen kan bruke fleire strategiske verktøy i det internasjonale arbeidet. Desse verktøya blir beskrevet nærmere i vedlegget punkt 3.

- Aktiv bruk av medlemskap i internasjonale organisasjonar
- Deltaking i EU-/EØS-program og –prosjekt
- Pådrivar i EU-nettverket Horisont 2020 Nordvest
- Nytte medlemskapet i Vest-Norges Brusselkontor
- Deltaking i internasjonale faglege nettverk og plattformer

4. Satsingsområde

Kapittelet gjer greie for dei prioriterte satsingsområda for det internasjonale arbeidet. Innanfor desse områda vil fylkeskommunen vere ein aktiv pådrivar. Dette hindrar ikkje aktivitet på andre område dersom det i løpet av perioden oppstår gode moglegheiter innanfor måla i fylkesplanen.

Mange av utfordringane aktørar i vårt fylke står overfor er dei same som i Europa, og aktørane kan ta del i europeisk samarbeid som skal bidra til finne løysingar på utfordringane gjennom EU-/EØS-program og finansieringsordningar. Fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid vil derfor prioritere europeisk samarbeid.

Politikkpåverknad

- Politikktutvikling og –gjennomføring i EU har konsekvensar for rammevilkåra til vår region, og fylkeskommunen må halde seg orientert om dette og gi innspel for å påverke i viktige saker.

Fylkeskommunen skal gjennom aktiv bruk av medlemskapet i Vest-Norges Brusselkontor og deltaking i interesseorganisasjonar som Nordsjøkommisjonen og CPMR (Conference of Maritime Peripheral Regions) skaffe seg informasjon om viktige prosessar innanfor EU og gi innspel på politikktutvikling i viktige saker for vår region.

Unge og utdanning

- Ungdom i vidaregåande opplæring

Internasjonalisering bidreg til målet om betre læringsutbytte og til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Internasjonale aktivitetar gir elevar og lærlingar fagleg utvikling og internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring.

Fylkeskommunen skal arbeide for at ungdom i vidaregåande opplæring får høve til å delta i ulike internasjonaliseringsprogram, særleg yrkesfaglege elevar og lærlingar.

Fylkeskommunen skal auke eigen kompetanse for å vere ein støttespelar og rådgivar i utforming av prosjekt, søknadsprosessar og gjennomføring av prosjekt.

- Ungdomsarbeid

Ungdom som deltek i internasjonale aktivitetar utanfor opplærings situasjonen får kjennskap til ulike kulturar, innsikt i demokratiske prosessar og personleg utvikling.

Fylkeskommunen skal arbeide for at ungdomspanelet, ungdomsråd i kommunane og ungdom i frivillige lag og organisasjonar skal få høve til å delta i internasjonalt samarbeid og prosjekt.

Klima, energi og samferdsel

- Miljøvennleg transport

Transport er ei av dei største miljøutfordringane verda står overfor, og representerer ein stor del av klimagassutsleppa også i vårt fylke. Fylkeskommunen må forhalde seg til den globale teknologiutviklinga og dra nytte av kompetansen og teknologien som finst både for land- og sjøtransport.

Fylkeskommunen skal gjennom deltaking i internasjonale nettverk og samarbeidsprosjekt gi høve til erfaringsutveksling, kunnskapsbygging og utvikling av betre løysingar for miljøvennleg transport.

- Fornybare energikjelder

Kunnskapsutviklinga på korleis fornybare energikjelder best kan nyttast skjer globalt, og fordrar at fylkeskommunen arbeider internasjonalt for å ta del i utviklinga.

Fylkeskommunen skal delta i internasjonale nettverk og samarbeidsprosjekt for å auke kunnskapen om produksjon og bruk av fornybare energikjelder.

- Infrastruktur

Fylkeskommunen ønsker kontinuerleg å arbeide for å finne nye og betre løysningar på infrastruktur for transport, særleg i høve til fjordkryssingar. Dette krev at fylkeskommunen arbeider for å gjere seg nytte av kunnskap og teknologi frå andre land.

Fylkeskommunen skal bygge kunnskap om utvikling av infrastruktur på viktige område for regionen gjennom å delta i internasjonale nettverk.

Næringsutvikling og innovasjon

- Næringsliv og kunnskapsmiljø

Næringslivet i regionen konkurrerer på den globale marknaden, og tilgang på internasjonale vitskapelege og teknologiske ressursar kan bidra til nye løysingar og auke framtidig verdiskaping i fylket. Internasjonalt samarbeid bidreg til å styrke innovasjons- og konkurransevne til regionen. Store delar av norske forskingsmidlar er kanalisert gjennom EUs forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020, og aktørane i vårt fylke må konkurrere om desse.

Fylkeskommunen skal bidra til å styrke næringsklyngene, nettverk og kunnskapsmiljø i fylket til deltaking EU-prosjekt gjennom å vere pådrivar i EU-nettverket Horisont 2020 Nordvest.

- Entreprenørskap

Fylkeskommunen arbeider for å utvikle entreprenørskapshaldningar og skape fleire og betre nyetableringar i Møre og Romsdal. I programma til EU er entreprenørskap gjennomgåande høgt prioritert.

Fylkeskommunen vil vidareutvikle satsinga på entreprenørskap, som hoppid.no og Ungt Entreprenørskap, gjennom aktiv deltaking i europeiske samarbeid.

Samfunnsutvikling

- By- og tettstadsutvikling

Fylkeskommunen har som mål å utvikle attraktive byar og tettstader. By- og tettstadsutvikling er ei vesentleg satsing i EU, og dette gjev kommunar og fylkeskommunen moglegheiter for å hente ny kompetanse og erfaring.

Fylkeskommunen skal arbeide for å auke og dele kunnskap, utvikle gode nettverk og fasilitere deltaking i EU-plattformer og –program.

- Kultur

Fylkeskommunen har som mål å bidra til trivsel og gode levekår i heile fylket. Dette krev mellom anna etablering av nye kultur- og opplevingsbaserte næringar, innovasjon og gode kulturopplevingar. For å nyttiggjere seg den kunnskapen andre regionar i Europa har på kulturproduksjon og -formidling og innovasjon, vil det vere viktig å søke samarbeid og delta i prosjekt for å utveksle kunnskap og kompetanse på området.

Fylkeskommunen vil arbeide for at kulturaktørar i fylket skal styrke sin kompetanse og innovasjonsevne gjennom deltaking i internasjonale nettverk og prosjekt.

- Folkehelse

Internasjonalt samarbeid bidreg til at fylkeskommunen og kommunane har eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid, som utgjør eit grunnlag for å sette i verk tiltak som gir effekt på innbyggjarane si helse. Arbeidet gir impulsar om erfaringar og forskingsresultat frå internasjonale samarbeidspartar.

Fylkeskommunen og kommunane skal styrke kompetansen på folkehelsearbeidet gjennom å delta i WHO Regions for Health Network og EØS-samarbeid.

5. Vedlegg

Følgjande informasjon er å finne i vedlegget:

1. Organisering av arbeidet med internasjonal strategi
2. Internasjonalt arbeid og EU-/EØS-prosjekt 2013-2016
3. Viktige verktøy i det internasjonale arbeidet

Vedlegg til internasjonal strategi for Møre og Romsdal fylkeskommune 2017-2020

1. Organisering av arbeidet med internasjonal strategi

Arbeidet med internasjonal strategi har vore leia av ei styringsgruppe som består av assisterande fylkesrådmann og dei assisterande sjefane på avdelingane for regional- og næringsutvikling, plan- og analyse og utdanning. Styringsgruppa har møttest tre gonger.

For å sikre forankring og medverknad har arbeidet vore samordna gjennom ei faggruppe med deltaking frå alle fagavdelingar i fylkeskommunen. I tillegg har Horisont 2020- rådgivaren som er finansiert av fylkeskommunen og tilsett ved Møreforsking i Ålesund deltatt. Alle deltakarane har gitt innspel til satsingsområda i strategien. Det har vore tre møte i faggruppa. Regional- og næringsavdelinga har leia arbeidet.

2. Internasjonalt arbeid 2013-2016

2.1. Strategi for internasjonalt arbeid 2013-2016

Det internasjonale arbeidet har i perioden 2013-2016 vore eit gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen med følgjande resultatmål:

«Internasjonalisering: Legge til rette for aktiv deltaking i internasjonale organisasjonar og internasjonalt prosjektsamarbeid på prioriterte område for å styrke rammevilkåra for regionalt næringsliv, kommunar og organisasjonar.»

Fylkestinget fatta i sak T-77/12 Prioriteringar i det internasjonale arbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande samrøystes vedtak:

"2. Føljande prioriteringar skal leggest til grunn for arbeidet med internasjonalisering i Fylkesplan 2013-2016 og andre prioriterte planar i Regional planstrategi 2012-2016:

- a) Fylkeskommunen skal arbeide for at ungdom i fylket skal utvikle god kompetanse i språk og internasjonalt samarbeid.
- b) Fylkeskommunen skal støtte næringsliv og kommunar i internasjonaliseringsarbeidet ved å påverke og bidra med kunnskap om rammevilkår for kommunar og næringsliv i regionen.
- c) Fylkeskommunen skal initiere og støtte internasjonale prosjekt i kommunar, organisasjonar og næringsliv. Fylkeskommunen skal delta i minst to nye EU-prosjekt i løpet av neste fylkesplanperiode.
- d) Fylkeskommunen skal vere dørøpnar for kommunar og bedrifter i land fylkeskommunen har relasjonar til, og vere vertskap for utanlandsk besøk i samarbeid med andre aktørar i fylket.

- e) Fylkeskommunen skal støtte rekruttering av stabil og kompetent utanlandsk arbeidskraft i fylket. Fylkeskommunen skal samarbeide med kommunane om tilrettelegging av bu- og oppveksttilbod, skuletilbod, språkopplæring, etterutdanning og omskoleringstilbod.
- f) Miljø og klima er gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen. Desse utfordringane kjenner ingen landegrensar, og kan berre løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Fylkeskommunen vil difor ha eit særleg fokus på desse områda i internasjonaliseringsarbeidet.»

2.2. Internasjonalt arbeid i perioden 2013-2016

Oppsummering av hovudaktivitetane i perioden:

Deltaking i internasjonale organisasjonar

CPMR og Nordsjøkommisjonen

Møre og Romsdal fylkeskommune er medlem av CPMR og Nordsjøkommisjonen (ref. vedlegget punkt 3). Fylkesordførar, eller den han peiker ut, deltek på den årlege generalforsamlinga i CPMR og på Nordsjøkonferansen, i samsvar med fylkestingets vedtak T-33/12.

Dei forskjellige tematiske arbeidsgruppene er ansvarleg for det operative arbeidet i Nordsjøkommisjonen, og møtest om lag tre gonger årleg. Fylkeskommunen deltek med politiske valde representantar og faglege representantar frå administrativt nivå i arbeidsgruppene for transport og marine ressursar. Dei politiske representantane blir vald av høvesvis samferdselsutvalet og regional- og næringsutvalet, jf. fylkestingets vedtak T-33/12. I 2014 var fylkeskommunen vertskap for arbeidsgruppemøte i både transportgruppa og gruppa for marine ressursar.

NTN- Nordisk Transportpolitisk nettverk

Fylkeskommunen deltek med folkevalde og administrative representantar frå samferdselsavdelinga på møta i NTN- Nordisk Transportpolitisk nettverk, og i 2015 var fylkeskommunen vertskap for seminar og generalforsamling i NTN.

Deltaking i og mobilisering til europeiske samarbeidsprosjekt

Fagavdelingane i fylkeskommunen deltek i prosjekt, og i tillegg har fylkeskommunen ei mobiliserings- og støtterolle overfor ungdom, kommunar, næringsliv og kompetanse-/forskingmiljø.

Fylkeskommunen har delteke i seks EU-prosjekt i perioden 2013-2016:

Ungdoms medverknad i samferdselsprosjekt (2013)

Prosjektet tok imot støtte frå Aktiv Ungdom- programmet. Ungdomspanelet i fylkeskommunen organiserte saman med tilsvarande råd i Sør- og Nord-Trøndelags eit dialogmøte i Trondheim i 2013. Saman med fagfolk frå fylkeskommunen, Statens vegvesen, Trygg trafikk, Stortings- og fylkespolitikarar, diskuterte dei løysingar på korleis ungdomsmedverknad kan bli sikra i samferdselsprosjekt. Konferansen resulterte i ei tiltaksliste som vart overlevert til Stortinget i møte med Møre- og Trønderbenken hausten 2013. Prosjektet blei i 2015 vald ut som norsk kandidat til den europeiske prisen for «Mest inspirerende ungdomsprosjekt».

Praksismobilitet for lærlingar (2013-2015)

Prosjektet fekk støtte frå Leonardo da Vinci- programmet for lærlingar (forløparen til Erasmus+). Gjennom utviklingsprogrammet fekk 26 lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, restaurant-

og matfag og reiseliv høve til å arbeide på Gran Canaria i ein periode. Lærlingane fekk tre månader av læretida si i ei godkjent lærebedrift.

TEN-TaNS- TEN-T and the North Sea Region (2014-2015)

Prosjektet var støtta av Interreg Nordsjøprogrammet. Formålet var mellom anna å sjå på moglegheiter for tilskott frå finansieringsordningar i EU til å opprette ei kommersiell båtrote frå Midt-Noreg til kontinentet.

BEAST- Beyond Energy Action Strategies (2014-2017)

Prosjektet er støtta av Intelligent Energy Europe- programmet (no ein del av Horisont 2020). Prosjektet skal bidra til å gjennomføre lokale klima- og energiplaner. For Møre og Romsdal har prosjektet medverka til utbygging av infrastruktur for lading av elbilar, innføring av Miljøfyrtårnsertifisering i fylkeskommunale einingar, og til arbeid for å opprette biogassanlegg i fylket. Vest-Norges Brusselkontor var ein svært viktig medspelar då fylkeskommunen skulle utvikle prosjektet og finne eigna partnerar i Europa.

Craft Reach (2015-2018)

Prosjektet er støtta av Interreg Nordleg periferi and Arktis-programmet. Prosjektet har som formål å styrke infrastrukturen rundt lokale handverkstradisjonar, mellom anna gjennom å lage visingscenter knytt til produksjonen med sal av produkta.

Together (2016-2018)

Prosjektet er støtta av Erasmus+ programmet. Formålet er å finne nye metodar for samarbeid på tvers slik at flyktningar og minoritetspråklege kan bli effektivt integrert inn i opplæring, arbeid og samfunnsliv. Prosjektet vil i tillegg styrke samarbeidet med andre aktørar på området (Ressurscenteret ved ein vidaregåande skule, Nav Møre og Romsdal, Molde vaksenopplæring og Karriere Møre og Romsdal).

Fylkeskommunen har i tillegg delteke i prosjekt støtta av EØS-midlane. I samband med eit EØS-prosjekt mellom norske og polske helsemyndigheiter fekk fylkeskommunen eit ekspertoppdrag og utarbeidde i 2015 ei «best practice»-samling om folkehelsearbeid på regionalt og kommunalt nivå.

I tillegg inngår nye Romsdal vidaregåande skule som døme på «best practice» knytt til EU-prosjekt om massivtre og lågenergi under Intelligent Energy Europe- programmet.

Fylkeskommunen oppretta i 2015 ei treårig stilling som Horisont 2020-rådgivar som er ein felles ressurs for alle forskingsmiljøa i fylket, lokalisert til Møreforskning i Ålesund. Stillinga skal bidra til å styrke evna til å nå fram i konkurransen om midlar frå EUs forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020. Horisont 2020- rådgivaren er prosjektleiar for EU- nettverket Horisont 2020 Nordvest som blei oppretta hausten 2016, sjå nærare i vedlegget punkt 3.

Fylkeskommunen er lokalkontakt for Erasmus+ Aktiv Ungdom-programmet. Fleire ungdomsråd i kommunar har hatt utvekslingar støtta av dette programmet, til dømes i Kristiansund og Tingvoll. I tillegg har fleire ungdomsarbeidarar delteke på kurs i regi av programmet. Fylkeskommunen har gjennomført fleire informasjonsseminar og –møte for å orientere om moglegheitene som programmet byr på, blant anna ei nettverkssamling for ungdomsarbeidarar i kommunane i januar 2015, og det har vore jamleg informasjon og rettleiing overfor kommunar og enkeltpersonar.

Fylkeskommunen har hatt kontakt med kommunar som har vore interessert i EU- program, mellom anna EU-programmet for by- og tettstadsutvikling. I tillegg har fylkeskommunen teke initiativ til

deltaking i den internasjonale arkitektkonkurransen European. I samband med at Ørsta kommune skal utvikle ei sentrumsnær tomt, støtta fylkeskommunen Ørsta kommune slik at dei blei vald ut til å delta i 2015. Fylkeskommunen har også hatt møte med Romsdal Regionråd og ORKidé for å informere om moglegheitene for europeisk samarbeid i kommunane.

Internasjonalisering i vidaregåande opplæring

Det er stor internasjonaliseringsaktivitet ved dei fleste vidaregåande skulane i fylket. Dette omfattar mellom anna elev- og lærarutveksling under Erasmus+ programmet og ulike samarbeidsprosjekt skular imellom.

Talet på elevar som deltek i internasjonale aktivitetar varierer noko frå år til år, og det er til dels store forskjellar mellom skulane. Det har over tid vore ei positiv utvikling på talet elevar som deltek i internasjonale utvekslingsprogram. For dei siste åra ligg tala relativt stabilt. Tala for lærlingar som fekk praksis i utlandet ligg vesentleg lågare og viser ikkje den same positive utviklinga. Fylkeskommunen har arbeidd for å auke talet på lærlingar som deltek i praksisopphald i andre land, og eit prosjekt blei gjennomført med Gran Canaria i 2013-2015.

Samanlikna med andre fylke ligg Møre og Romsdal litt over gjennomsnittet for utnytting av støtteordningane som finst for utveksling med andre land i grunnopplæringa. Ei oversikt frå Senter for internasjonalisering av utdanning- SIU over samla tildelingar frå Erasmus+ programmet (og føregåande program) i tidsrommet 2011-2015 viser at Møre og Romsdal ligg som nummer åtte av dei nitten fylka.

Haram vidaregåande skule har over fleire år utvikla eit samarbeid med Armadale Academy i Skottland, og frå 2013 administrerer skulen ei ordning med 60 elevplassar der heile landet kan søke.

Det er tilbod i kinesisk språkopplæring ved dei vidaregåande skulane i Ålesund og Molde. Fylkeskommunen har også støtta eit prosjekt ved Ålesund vidaregåande skule for å etablere eit nærare samarbeid med ein skule i Kina.

Spjelkavik vidaregåande skule er godkjend som IBPD-skule (International Baccalaureate Diploma Programme), og her kan elevane få internasjonalt diplom etter å ha hatt all undervisning på engelsk dei to siste åra. Dei vidaregåande skulane i Fræna, Haram, Spjelkavik og Fagerlia har i fleire år hatt eit tilbod i studiespesialisering med internasjonalt fokus.

Utdanningsavdelinga i fylkeskommunen har gjennomført fleire opplæringskonferansar for dei vidaregåande skulane om korleis EU-programmet Erasmus+ kan støtte utvekslingar og prosjekt med andre europeiske land, i tillegg til informasjon om andre mobilitets- og utvekslingsordningar.

Kompetanseheving om EU/EØS

Saman med Vest- Noregs Brusselkontor (VNB) har det vore arrangert fleire seminar for politiske representantar og administrasjon i fylkeskommunar og kommunar, både i Brussel og Bergen.

Hausten 2016 blei det gjennomført ein studietur til Brussel for regional- og næringsutvalet.

European Week of Regions and Cities (Open Days) blir gjennomført kvart år, og inneheld ein innføringsdag om Norge og EU/EØS organisert av dei norske regionkontora og deretter over hundre workshops om utvalde tema. Her deltek fylkeskommunen med politikarar og fagpersonar, avhengig

av tema. I 2014 var smart spesialisering eit hovudtema, og Vest-Norges Brusselkontor var medarrangør for eit seminar der Legasea held innlegg.

Internasjonal gruppe har deltatt på fleire norske og europeiske arenaer for kompetanseheving, mellom anna seminar, informasjonsmøter og andre nettverksarenaer.

Deltaking i organisasjonar og nettverk

Europapolitisk forum

Europapolitisk forum er ein møteplass mellom departementa på politisk nivå (statssekretærnivå i UD og KMD) og folkevalde frå fylkeskommunar, kommunar og Sametinget. Formålet er utveksling av informasjon, synspunkt og erfaringar med viktige europapolitiske saker og problemstillingar. Fylkesordføraren i Møre og Romsdal er vald av Vestlandsrådet som deira representant i Europapolitisk forum. I juni 2015 blei forumet arrangert i Ålesund. Fylkeskommunen var her ansvarleg for eit fagseminar der sentrale aktørar frå næringa og akademia i fylket formidla kva dei ser som potensialet for innovasjon i utviklinga av havrommet. Møtet var også høve for at EUs ambassadør til Noreg besøkte Ålesund og fekk eit møte med desse aktørane.

Andre nettverk

Medlemsfylka i Vestlandsrådet (VR) bruker forumet til å ha dialog om og samordne seg om europapolitiske saker og deltaking i Nordsjøkommisjonen og dei tematiske arbeidsgruppene. Internasjonal gruppe på administrativt nivå i fylkeskommunane møtest jamleg og orienterer VR om viktige saker som står på dagsorden i EU.

På administrativ nivå deltek fylkeskommunen i internasjonalt fylkesnettverk for internasjonale koordinatorar/rådgivarar frå alle dei norske fylka og fylkesnettverket for internasjonalisering av grunnopplæringa. Nettverka møtest ein til to gonger årleg og er ein nyttig arena for utveksling av informasjon og erfaringar med internasjonalt arbeid og EU- prosjekt.

3. Viktige verktøy i det internasjonale arbeidet

3.1. Internasjonale organisasjonar

Møre og Romsdal fylkeskommune er medlem av CPMR og Nordsjøkommisjonen, i tillegg til NTN-Nordisk Transportpolitisk Nettverk.

CPMR

CPMR (Conference of Peripheral Maritime Regions) er ein politisk leia organisasjon med 150 medlemmar frå 28 land som arbeider for å fremme kystregionane sine interesser og regionane si stilling i EU. Hovudprioritetane er maritime spørsmål, klima- og energi, regionalpolitikk og transport. Organisasjonen har eit omfattande nettverk i EU-systemet, der CPMR blir beskrevet som ein viktig tenke-tank, premissleverandør og lobbyist. CPMR bidreg til å sette saker på EU sin dagsorden og gir tidlege innspel til politikktutforming.

Nordsjøkommisjonen

Nordsjøkommisjonen er ein av seks geografiske underkommisjonar under CPMR og blei oppretta i 1989 for å fremme partnerskap mellom regionane rundt Nordsjøen. Organisasjonen er politisk leia og

har 31 medlemmar som representerer åtte land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen bidreg med innspel til politikkkutforminga i EU gjennom blant anna høyringsuttaler og politiske møte.

Det operative arbeidet i Nordsjøkommisjonen skjer i tematiske arbeidsgrupper for kultur og turisme, klima og energi, marine ressursar og transport. Møre og Romsdal fylkeskommunen deltek med politiske valde representantar og faglege representantar frå administrativt nivå til arbeidsgruppene for transport og marine ressursar, jf. fylkestingsvedtak T-33/12.

Formålet med deltaking i CPRM og Nordsjøkommisjonen er å få kunnskap om, gi innspel til og bidra til å påverke politikkkutforminga i EU på viktige område for vår region. Samstundes gir deltaking i organisasjonane høve til å byggje nyttig kompetanse og nettverk for folkevalde og administrasjon, noko som er viktig for å kunne utveksle kunnskap og utvikle nye prosjekt.

NTN- Nordisk Transportpolitisk nettverk

Fylkeskommunen deltek i NTN- Nordisk Transportpolitisk nettverk med folkevalde og administrative representantar. NTN starta som eit Interreg-prosjekt i 1998, og nettverket heldt fram etter at prosjektperioden var over. Formålet med nettverket er å auke kompetansen på transportområdet og sette regionane betre i stand til å påverke nasjonal og internasjonal transportpolitikk.

3.2. EU-/EØS-program og –prosjekt

Nedanfor følgjer ei kort beskriving av dei viktigaste programma som gir norske aktørar moglegheiter til å delta i europeiske samarbeidsprosjekt: EUs sektorprogram, Interreg-programma og EØS-midlane.

EUs sektorprogram

EØS-avtalen gir norske aktørar tilgang til sentrale delar av EUs verkemiddelapparat gjennom deltaking i EU-programma. Stortinget vedtek i kva program norske aktørar skal kunne delta. For at norske aktørar skal få tilgang til desse programma på lik line med europeiske aktørar går Noreg inn med midlar som er tilpassa innsatsen frå EU-landa. I perioden 2014-2020 er Noregs bidrag til programma omlag 25 milliardar kroner.

Mellom dei viktigaste programma der norske aktørar kan delta er:

Forskings- og innovasjonsprogrammet Horisont 2020

Programmet skal bidra til auka konkurransevne og berekraftig utvikling gjennom kunnskap og innovasjon. Innovasjonselementet er sterkt understreka. Tre hovudprioriteringar/pilarar:

- Bygge framifrå forskingsmiljø
 - Ordningane i denne pilaren skal styrke og utvikle grunnlaget for kvalitet innan europeisk forskning. Det blir gitt støtte til grensesprengande forskning, utvikling av og tilgang til forskingsinfrastrukturar, mobilitet og karriereutvikling, framtidige og framspirande (radikalt nye) teknologiar
- Industrielt leiarskap- skape eit konkurransedyktig næringsliv
 - Støtta skal bidra til å gjere Europa til ein attraktiv stad å drive industri. Dette skal skje gjennom strategiske investeringar i mogleggjerande teknologiar (mikro-, nano-, bioteknologi o.l.), finansieringsordningar for risikokapital og støtte til innovasjon i små og mellomstore bedrifter med stort vekstpotensial
- Møte dei store samfunnsutfordringane
 - Horisont 2020 legg stor vekt på løysing av dei store samfunnsutfordringane og at dette krev kunnskapssamarbeid mellom offentlege aktørar, FoU-miljø og næringsliv. Utfordringane som blir peika på er:
 - helse, demografi og velferd

- mattryggleik, marin og maritim forskning, berekraftig landbruk og bioøkonomi
- sikker, rein og effektiv energi
- smarte, grøne og integrerte transportløyningar
- klima, ressurseffektivitet og råmateriale
- inkluderande, innovative og reflekterande samfunn
- samfunnstryggleik

Utdannings- og ungdomsprogrammet Erasmus+

Programmet gir utdanningssektoren moglegheiter til:

- Mobilitet: opphald i utlandet for elevar og lærlingar i heile utdanningsløpet, medrekna vaksenopplæringa og kompetanseheving for tilsette
- Strategiske partnarship: Samarbeidsprosjekt mellom norske og europeiske opplæringsinstitusjonar og bedrifter med fokus på utveksling av god praksis eller utvikling av nye metodar og verktøy

I tillegg gir Erasmus+ Aktiv Ungdom-programmet ungdommar moglegheiter til blant anna:

- Gruppeutvekslingar med ungdomsgrupper frå andre europeiske land og volontørtjeneste
- Transnasjonale samarbeidsprosjekt der ungdommen sjølv skal starte, styre og gjennomføre prosjektet
- Støtte til ungdomspolitiske møte for politikktutforming, debatt og dialog, seminar og konferansar mellom ungdom og politiske avgjerdstakarar

Kulturprogrammet Kreativt Europa

Kreativt Europa er programmet for kultur og kreativ sektor. Programmet støttar kulturprosjekt der det gjev ein meirverdi å gjennomføre det i ei europeisk ramme, og gjer det mogleg for norske aktørar innan TV, film, kunst og kultur å samarbeide internasjonalt og nå ut til eit større europeisk publikum. Programmet skal bidra til å støtte og fremme kulturelt og språkleg mangfald, og til å styrke konkurransevna i kultursektoren (film, tv, musikk, litteratur, dans, kulturarv osv.). Særlege mål er:

- Styrke den kulturelle og kreative sektorens kapasitet til å operere internasjonalt
- Fremme mobilitet og sirkulasjon av kunstnarar, kulturaktørar, produksjonar, kulturelle og kreative tenester og produkt
- Bidra til kunstnarisk innovasjon, bruk av digital teknologi og nye måtar å jobbe med publikumsutvikling

I Noreg er programmet delt opp i to delprogram: kultur - som omfattar kunst og kultur, og media - for TV, film og spel.

Interreg- programma

Interreg-programma har som mål fremme sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Programma er ein del av regionalpolitikken i EU. Midlane til deltaking frå norske aktørar blir løyvd over statsbudsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Norske aktørar kan delta i fleire Interreg- program, til dømes:

- Grenseregionalt samarbeid (Interreg A) for regionar som ligg på kvar si sida av ei nasjonal grense. Programma er svært viktige for norske grenseregionar, men aktørar i Møre og Romsdal har ikkje tilgang til desse midlane då fylket ikkje har grense mot land i EU
- Regionalt samarbeid (Interreg B) mellom regionar som har geografisk nærleik til kvarandre og felles utfordringar. Aktørar frå Møre og Romsdal kan delta i Nordsjøprogrammet,

Østersjøprogrammet og Nordleg periferi og Arktis-programmet. Prioriterte område i programma er til dømes å styrke forskning, teknologiutvikling og innovasjon, styrke konkurransekrafta til små og mellomstore bedrifter, stimulere til grønn økonomi og innovasjon og bidra til berekraftig/grøn transport

- Felleseuropeisk samarbeid (Interreg C) er tilgjengeleg for alle europeiske regionar. Det finnes fleire felleseuropeiske program. Eit døme er Interreg som Europe prioriterer kunnskapsoverføring og utarbeiding av beste praksis for regional utviklingspolitikk innan til dømes entreprenørskap og overgang til lågkarbon-økonomi.

EØS-midlane

EØS-avtalen inkluderer ei felles målsetting om å redusere sosial og økonomisk ulikskap i Europa. EØS-midlane er Noregs finansielle bidrag til økonomisk og sosial utvikling i EU. I tillegg skal ordninga bidra til å styrke kontakten mellom Noreg og dei 15 mottakarlanda (dei 11 aust-europeiske landa, Hellas, Malta, Kypros og Portugal). Avtalen mellom Noreg og EU vart underteikna 3. mai 2016. For perioden 2014-2021 gir Noreg og dei andre EFTA- landa eit bidrag på tilsaman 2,8 milliardar kroner for prosjekt på fem hovudsektorar:

- Innovasjon, forskning, utdanning og konkurransevne
- Sosial inkludering, motarbeiding av fattigdom og sysselsetting for ungdom
- Miljø, energi, klima og lav-karbonsamfunnet
- Kultur, sivilt samfunn, godt styresett og grunnleggande rettar
- Justis- og innanrikssaker

Basert på forhandlingar mellom givar- og mottakarlanda vert det utvikla program for midlane, og første utlysing for denne programperioden vil venteleg komme i 2017. Det er aktørar i mottakarlanda som søker om prosjekt, men programmet gir mange moglegheiter for deltaking for norske lokale og regionale aktørar o.l.

Andre program

Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram og består av Grønland, Island, Færøyene og Kyst- Noreg (dei ni fylka langs kysten frå Finnmark til Rogaland). NORA støtter samarbeidsprosjekt innanfor områda fiskeri og marine ressursar, IKT, turisme, transport, sjøtryggleik og anna regionalt samarbeid. Vestlandsrådet er medlem av NORA, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har sekretariatsfunksjonen. NORA blir finansiert av Nordisk Ministerråd, supplert med eit nasjonalt bidrag frå dei fire deltakarane i samarbeidet.

3.3. EU-nettverket Horisont 2020 Nordvest

EU-nettverket Horisont 2020 Nordvest blei etablert hausten 2016, og skal arbeide for auka kunnskap og deltaking i Horisont 2020 i Møre og Romsdal. Prosjektleiaren er Horisont 2020-rådgivaren finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, og prosjektansvaret ligg hos Møreforskning Ålesund. Fylkeskommunen er partner i nettverket.

Nettverket er eitt av fleire nettverk som har fått støtte frå Norges Forskningsråd til etablering og drift. Målet med nettverka er å bidra til auka mobilisering og deltaking frå norsk side i Horisont 2020, gjennom auka kompetanse, betre samarbeid mellom nøkkelaktørar, læring og deling av "good practice" og utvikling av alliansar.

Horisont 2020 Nordvest ønsker å bygge langsiktig kompetanse gjennom god integrering av nærings-, utdannings- og forskingsmiljø. I Horisont 2020 Nordvest deltek FoU-miljøa i regionen, næringslivet representert gjennom klyngene, dei ulike virkemiddelaktørane og fylkeskommunen.

Nettverket arbeider for å etablere nye samarbeidsstrukturar og arenaer for å dele erfaringar og utvikle prosjekt. Nettverket skal stimulere og støtte miljøa til auka europeisk samarbeid, som vil bidra til å styrke innovasjons- og konkurransevna i fylket.

Det overordna prosjektmålet er å bidra til at FoU-miljøa, næringslivet og offentleg sektor i Møre og Romsdal utviklar prosjekt innanfor prioriterte område i Horisont 2020, der regionen har konkurransemessige fortrinn, som skaper meirverdi for regionen. I tråd med Forskings- og innovasjonsstrategien for Møre og Romsdal er prioriterte kunnskapsområde for innovasjon og verdiskaping i fylket knytt til berekraft, mogleggjerande teknologiar og kommersialisering.

3.4. Vest-Norges Brusselkontor

Vest-Norges Brusselkontor (VNB) blei starta i 2003 og er eigd av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, i tillegg til 15 kommunar, BKK og Botnaneset Industriselskap.

Kontoret skal bidra med kompetanseheving på EU og Europa og vere ein lyttepost og talerør mot institusjonane i EU/EØS. Dei skal formidle informasjon om kva som skjer i EU/EØS av særleg interesse for medlemmane.

VNB deltek i Tidleg varslings- gruppa som er koordinert av UD og sett saman av alle regionkontora i Brussel, KS, NHO og LO. Formålet med gruppa er å på eit tidlegast mogleg tidspunkt avklare kva for saker på agendaen til EU som er viktige for norske interesser, for så å kunne spele inn våre synspunkt gjennom nettverk, politisk hald, ekspertgrupper o.l.

VNB skal synleggjere regionen som samarbeidspartnar for andre europeiske regionar og identifisere relevante EU-/EØS-program og –prosjekt. Kontoret kan nyttast som fasilitator i prosjektarbeid innanfor EU-programma, og kan bidra til dømes i partnersøk på vegne av medlemmane. Kontoret kan også vere ein støttespelar for deltaking i internasjonale faglege nettverk og plattformer.

3.5. Internasjonale faglege nettverk og plattformer

Det finnes mange initiativ i form av faglege nettverk og ulike plattformer i EU. Desse har forskjellige opphav, nokon har oppstått som følgje av direkte initiativ frå Europakommisjonen medan andre er eit resultat av eigne initiativ frå regionane. Felles for desse er at dei samlar aktørar som arbeider med liknande utfordringar og skaper ein arena for samarbeid og informasjonsutveksling. Fleire av nettverka arbeider også for politisk påverknad overfor EU-systemet/EU-kommisjonen. På desse arenaene kan aktørar til dømes finne inspirasjon og gode eksempel på prosjekt, eventuelt partnarar til eigne prosjekt, og dei kan få informasjon om aktuelle støtteordningar i EU.

Eit døme på slike nettverk er regionnettverket for forskning og innovasjon ERRIN (European Regions for Research and Innovation Network) som mellom anna skal legge til rette for kunnskapsutveksling mellom regionar og bidra til auka regional innverknad i europeisk forskings- og innovasjonspolitik. Nettverket legg også til rette for prosjektdeltaking frå regionar i til dømes Horisont 2020.

Innovasjonspartnarskap (European Innovation Partnerships- EIP) er ei anna tilnærming, dette er utfordringsdrivne nettverk initiert og støtta av EU-kommisjonen. Dei bringar saman aktørar på EU-, nasjonalt og regionalt nivå for å auke innsatsen for forskning og utvikling på nærare bestemte område. Det finst i dag slike partnarskap for smarte byar og samfunn, aktiv og sunn aldring, vatn, berekraftig landbruk og råmateriale.

Innovasjonspartnerskapet for smarte byar og samfunn (EIP Smart Cities and Communities) samlar til dømes byar, næringsliv, akademia, offentlege og andre aktørar for å betre livet i byar gjennom meir berekraftige og integrerte løysningar. Dette omfattar til dømes betre transportløyningar, betre bruk av IKT, betre planlegging og høgare energieffektivitet.

Fylkeskommunen er med i samarbeidsplattforma EV4SCC (Electric Vehicles for Smart Cities and Communities) som blei oppretta i 2014 som ein del av innovasjonspartnerskapet for smarte byar og samfunn. EV4SCC har 75 partnarar frå 19 ulike land og samlar bedrifter, forskingsinstitusjonar og offentlege aktørar. Plattforma skal mobilisere til europeisk dialog om potensialet for elbilar, samarbeide om problemløysing, og fremme innovative idear frå heile Europa. For fylkeskommunen er dette eit nettverk for kunnskap, erfaringsutveksling og eventuelle framtidige prosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune er godkjent av Europakommisjonen som Covenant Territorial Coordinator. Ordføraravtalen, Covenant of Mayors, som blei lansert i 2008, har samla tusenvis av lokale og regionale styresmakter som frivillig har forpliktet seg til energieffektivisering og bruk av fornybare energikjelder i sine byar og lokalsamfunn. I vårt fylke er det førebels Ålesund som har signert avtalen.

3.6. Mobiliserings- og tilretteleggingsordningar

Det er mogleg for aktørar i fylket å søke på forskjellige nasjonale og regionale mobiliserings- og tilretteleggingsordningar.

Forskringsrådet har fleire virkemiddel som skal bidra til å styrke norsk deltaking i Horisont 2020. Forskringsmiljø, private og offentlege aktørar kan få økonomisk støtte til å finne partnarar, nettverk og relevante utlysingar, og støtte til å skrive søknader. Forskringsrådet støttar også etablering og drift av EU-nettverk som skal bidra til auka mobilisering og deltaking frå norske aktørar.

Gjennom SIU- Senter for internasjonalisering av utdanning, kan utdanningsinstitusjonar søke om prosjektetableringsstøtte, og få råd og rettleiing i samband med utvikling av Erasmus+-søknader.

Innovasjon Norge har ei eiga rådgivingsteneste gjennom EEN- Enterprise Europe Network Norge for bedrifter som ønsker å delta i EU-finansierte samarbeidsprosjekt.

Regionalt forskingsfond Midt-Norge skal mobilisere nye aktørar til forskning. Bedrifter og FoU-miljø kan gjennom støtte frå fondet kvalifisere seg til deltaking i EU-prosjekt.